

UNIVERSITETET I BERGEN
Postboks 7800
5020 BERGEN

Dato: 28.09.2016
Vår ref.: 2016/2594-37
Saksbehandlar: chaespe
Dykkar ref.:

Utviding av faggruppe scenekunst

Hordaland fylkeskommune tilbyr kvart år skulelevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring profesjonell kunst og kultur i skuletida. Programmet omfattar felte scenekunst, visuell kunst, musikk, litteratur, film og kulturarv, og vert formidla på både skular og kulturarenaer i heile fylket.

Utøvarar sender forslag til innhaldet i programmet innan 1. oktober, og faggrupper vurderer alle dei innkomne forslaga. Det er ei faggruppe for kvart felt, med representantar frå både Hordaland fylkeskommune og eksterne fagmiljø. I tillegg er det eit ungdomsprogramråd og eit overordna fagleg råd. I det faglege rådet er kvar faggruppe representerte, saman med representantar frå utdanningssektoren. Faggruppene sitt mandat er å gjere ei fagleg vurdering av innkomne forslag, og det faglege rådet skal definere særskilde satsingar og fatte endeleg avgjerd om innhaldet i programmet. Hordaland fylkeskommune leier faggruppene og det faglege rådet.

Årleg kjem det inn om lag 250 forslag til innhaldet i programmet. Av produksjonane som vert foreslått inn, er det ein klar overvekt av scenekunst. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har derfor vedteke at faggruppa for scenekunst skal utvidast. I faggruppa for scenekunst sit no leiar for Proscen, saman med fagkoordinator og spesialrådgjevar i Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune håper det høver for Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier ved Universitetet i Bergen å stille med ein representant i faggruppa for scenekunst. Faggruppa møtest ein gong i året, og møtet varar gjerne ein heil arbeidsdag. Ein må også berekne ein del førebuing, då ein må lese gjennom innkomne forslag i førekant av møtet.

Vi ber om ei tilbakemelding til Charlotte Espeland (charlotte.espeland@hfk.no, 55 23 99 76) innan 10. oktober. Høver det for dykk å medverke, vil vi også gjerne ha namnet på dykkar representant.

Ta kontakt med Charlotte Espeland dersom de har spørsmål.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.